

## Referat møte med praksiskonsulentane i Helse Førde 11.03.21.

Referent: Overlege Odd Arne Standal.

Desse tok del: Normund Svoen, Jan Ove Tryti, Anita Sørheim, Odd Arne Standal og Janne Skudal Sunde.

Jfr. avtale om faste møter mellom PKO og avdelingane i Helse Førde. Møtet var digitalt på Join.  
Saksliste/Referat:

1. Orientering om PKO og korleis praksiskonsulentordninga kan bidra i samhandlinga mellom augeavdelinga og fastlegane. Ansvarleg: Normund med bidrag frå Anita og Jan Ove.  
Normund orienterer. Det meste går no digitalt.  
Ein ønsker å samtale om korleis vårt tilbud vert brukt, og samarbeid med avtalespesialistane  
Ønsker informasjon om nye tilbod, skriftleg.  
Avvik skal meldast i synergi også frå fastlegane.  
Nettsida våre kunne vore bedre oppdatert.  
Henvisningspraksis må gåast igjennom. Kven skal gå til avtalespesialist?  
Mange faguttrykk og forkortingar er eit problem for fastlegar å forstå.
2. Augeavdelinga orienterer om avdelinga sine tilbod og utfordringar dei opplever – bl.a. i samarbeid med primærlegane, tilvisingar, ØH, kapasitet, ventetider etc
  - a. Ein prøver å følge vegleiar for kven som skal inn. Og opplever at ein gir eit godt tilbod til alle pasientgrupper som treng behandling hos oss. Dette gjeld:
    - i. Injeksjonar for AMD
    - ii. Augelokkskirurgi.
    - iii. Barn og strabisme
    - iv. Glaucom.( her skal vi snart i gang med I-stent)
    - v. Grå stær ( her har vi for tida litt lange ventetider)
    - vi. Utredning av hornhinnesyjukdom ( vi har no fått cornea-tomograf)
  - b. Vi har følgjande bemanning:
    - i. 5 overleger:
      1. Odd Arne Standal:      Ansvar for: Barn, strabisme ,  
                                  nevrooftalmologi      (avd. sjef)
      2. Ingunn Støfring:      Ansvar for oculoplastikk
      3. Trine Haram:          Ansvar for retina
      4. Roger Husa:            Ansvar for cataract
      5. Andreas Dahl:         (vil få: Ansvar for glaucom ?)
    - ii. 2 LIS ( 3 stillingar)
    - iii. 10,3 Sjukepleiarstillingar:  
          6 augespl. og 1 opr. spl. Dei har «alle» introculære injeksjonar , assisterer ved opr, tar spesialundersøkingar som OCT, autoperimetri og ALM
    - iv. 4 sekretærar (3,4 stillingar)
    - v. 2 optikarar.
  - c. Utstyr:
    - i. OCT, autoperimetri, ALM ( Lenstar), Ultralyd, Fundusfoto, Corneatomograf
    - ii. Lasere: Funduslaser ( netthinne); YAG-laser ( etterstær), SLT (glaucom)
    - iii. Utstyr til fullverdig augekirurgi:  
          Fakomaskiner og koagulatorutstyr, opr. mikroskop. mm.

- d. Diabetiker screening er ikkje komt i gang. Ein har plan om å lage screening-program evt. i samarbeid med avtalespesialistar. Ein tenker at pas. som treng diabetes-screening skal henvisast til Førde for å skape eit behov for å få dette til.
  - e. Augelukk blir prioritert etter vegleiar.
  - f. Ein er bekymra for rekruttering av avtalespesialistar.
  - g. Ein får gode tilbakemeldingar frå fastlegane om vårt tilbod pr. no og kvaliteten.
3. Samarbeid med privatpraktiserande augelegar – optikarar. Ansvarsfordeling. Ansvarleg: Alle
- a. Kan ein etablere eit system for screening med avtalespesialistane for diabetikere.
  - b. Optikar samarbeider godt med privat optikarar og desse kan henvise direkte.
4. Andre saker.
- a. Sjå på nettsidene våre. Oppdatere desse.